

Fjelltur og messe på Skorpo til helga

02.07.2009



I fjar var messa inne i løa – blir ho ute i år? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Soknerådet satsar på det same Skorpo-arrangementet som i fjar på sundag: Tur på Skorpefjellet først og messe etterpå



Toppen på Skorpefjellet er nådd !.

Vermeldingane er såvidt lovande at messa trulig blir ute og ikkje inne i løa ved Søre Skorpevågen dette året, opplyser soknerådsleiar Audun Eik til Uskedalen.no
Difor er det eit fornuftig råd å ta med stol eller sitjeunderlag

Det er sokneprest Sven H. Nilsen som skal ha messa og det vert hans fyrste på Skorpo!
Arrangementet blir lagt opp slik at ein kan bli med på Skorpefjellet først og så vera med i gudsteneste etterpå.
Første båten går frå Sandakaien klokka 11 og den neste klokka 13.15 – den siste for dei som berre skal delta i messa. Ho startar klokka 14.

Som i fjor blir det lokalkjend guide, grunneigar Oscar Langballe har sagt seg viljug til å ta denne oppgåva også i år. Og som i fjor blir det matservering på Langballe-kaien.

Soknerådet håpar at veret blir like fint som i fjor og at det kan bli ein minnerik sommardag på Skorpo – som så mange gongar før.

Av Ola Matti Mathisen